



## Til lag og organisasjonar i Alver kommune

Desember 2019

Vi nærmar oss overgangen til Alver kommune med stormskritt og vi i den nye avdelinga for kulturutvikling, idrett og frivilligheit vil gjerne informere alle lag og organisasjonar om kven vi er, kva vi skal gjere i den nye kommunen og korleis de får tak i oss.

Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit, unntatt frivilligsentralane, vil frå februar 2020 liggje i Kvernhusmyrane 26 i eitt av dei raude husa på venstre på veg opp til rådhuset i Knarvik. Her vil du finne heile administrasjonen for tenesteområde kultur som inneheld bibliotektenesta, kulturskulen, ungdom og medverknad og kulturutvikling, idrett og frivilligheit med Eirik Bouwer Utne som kultursjef.

### **Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit består av og har følgjande ansvarsområder:**

Avdelingsleiar Marian Guddal Hansen  
[marian.guddal.hansen@alver.kommune.no](mailto:marian.guddal.hansen@alver.kommune.no)

Avtalar, stipend, kulturpris m.m.  
Telefon 98853282

Kulturrådgjevar Eileen Marie Feste  
[eileen.marie.feste@alver.kommune.no](mailto:eileen.marie.feste@alver.kommune.no)

Tilskotsordningar, arrangement, kontakt lag og organisasjonar saman med frivilligsentralane  
Telefon 95765392

Kulturrådgjevar Bente Kopperdal Hervik  
[bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no](mailto:bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no)

Kulturminnevern og friluftsliv  
Telefon 99245469

Kulturrådgjevar Arnhild Kannelønning (vikar)  
[arnhild.kannelonning@alver.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@alver.kommune.no)

Kunst, scene og kulturbrygg  
Telefon 56171065

Sigrid Fivelstad (permisjon)

Idrettsrådgjevar, Ikkje tilsett enno  
Ved spørsmål knytt til idrettsfeltet, ta kontakt med avdelingsleiar

Kulturkonsulent Hanne Vatnøy (vikar)  
[hanne.vatnoy@alver.kommune.no](mailto:hanne.vatnoy@alver.kommune.no)

Den kulturelle skulesekken,  
Den kulturelle spaserstokken  
Telefon 98036734

Multiteknikar, Ikkje tilsett enno

Rutinar og vedlikehald av lyd og lys i kulturbrygg o.a.

## Frivilligsentralane i Alver:

Frekhaug Frivilligsentral dagleg leiar Nina Randal Telefon 56171066  
[frekhaug.frivilligsentral@alver.kommune.no](mailto:frekhaug.frivilligsentral@alver.kommune.no)

Manger Frivilligsentral dagleg leiar Birthe Kråkenes Bjørdal Telefon 56349030  
[manger.frivilligsentral@alver.kommune.no](mailto:manger.frivilligsentral@alver.kommune.no)

Knarvik Frivilligsentral dagleg leiar Per Ole Ekker Telefon 56375154  
[knarvik.frivilligsentral@alver.kommune.no](mailto:knarvik.frivilligsentral@alver.kommune.no)

Følg frivilligsentralane på Facebook!

Tilsynsvaktene i idrettshallane og badeanlegg ligg øg under avdeling for kulturutvikling, idrett og frivillighet.

Vi vil gjerne ha besøk og vi vil gjerne kome på besøk. Jobben vår er å tilretteleggje for eit rikt og mangfoldig kulturliv i Alver kommune.

## Tilskotsordningar

Kommunestyret vedtok nye retningsliner for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv 19.12.2019. Desse finn de vedlagt. Vi oppfordrar alle laq og organisasjonar til å søkje.

**Merk at dei ordningane som i retningslinene står med søknadsfrist 1. februar, i 2020 har  
søknadsfrist 1. mars.** Lenke til søknadsskjema kjem på [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no) 15.januar.

Alver kommune har og tilgang til **Tilskuddsportalen** kor lag og organisasjonar kan finne ei total oversikt over alle tilskotsordningar nasjonalt med moglegheit for å søkje inn meir midlar til drift eller prosjekt i ditt lag eller din organisasjon. Nærare informasjon kjem.

Dersom de har spørsmål, ikkje nøl med å ta kontakt med ein av dei tre kulturrådgjevarane.

## Pågående prosjekt

Dagsturhytter

Noko vi gler oss stort over og som vi trur vil glede mange som bur i Alver, er dei tre dagsturhyttene som vi har fått tilskot til frå Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Det vil bli bygd ei hytte i kvar av dei tre noverande kommunane i løpet av 2020. Nordhordland turlag blir ein viktig samarbeidspartnar i dette prosjektet saman med andre lag og organisasjonar. Vi tek gjerne imot innspel på kor vi skal plassere dei tre hyttene. Ta gjerne kontakt med kulturrådgjevar Bente Kopperdal Hervik om de vil kome med innspel eller har spørsmål knytt til prosjektet.

## Stolpejakten

Stolpejakten vart ein suksess i 2019 og held fram i 2020 med startskot palmelaurdag 4.april.  
Nærare informasjon kjem.

#### Meieriet på Frekhaug

Det gamle meieriet på Frekhaug har fått seg ei skikkeleg ombygging og ansiktsløfting og framstår som eit nytt og innhaldsrikt kulturygg med flotte, moderne konsertlokale med kafèfasilitetar og ny ungdomsklubb i 2.etg. Meieriet opnar i løpet av våren 2020 med fleire kulturarrangement og konsertar. Følg med!

#### BUA utstyrssentral på Frekhaug og Manger

BUA er eit tilbod til alle innbyggjarar i Alver kommune og i sær familiar med born kor dei kan låne utstyr til fritidsaktivitetar som ski, skøyter, syklar og mykje meir. Tilboden er heilt gratis! BUA opnar vinteren/våren 2020.

Dette er berre noko av dei prosjekta som avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit syslar med og som skal kome alle innbyggjarar i Alver kommune til gode.

Vi gler oss til å møte dykk i 2020 i Alver kommune og ynskjer alle lag og organisasjonar ei god jul og eit spennande nytt år i vente!

Helsing alle oss i avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit i Alver kommune

Eileen, Bente, Arnhild, Sigrid, Hanne, Nina, Birthe, Per Ole og Marian

